

Sakshandsamar: Elin Åsnes Øvretun, tlf: 481 40 879

Vår ref
17/410-2

Eining/avd/
RÅDMANN/HEOMSVEL

Dykkar ref

Dato
31.01.2017

Årsmelding miljøretta helsevern 2016

Innleing

Elin Åsnes Øvretun var tilbake frå fødselspermisjon 1.1.2016. Det var mykje å ta att etter at stillinga var delvis ubemanna og vi hadde inne to vikarar i permisjonsperioden til Øvretun. I løpet av året har Øvretun fått laga ny tilsynsplan som gjer at vi på sikt kjem inn att i ein fast frekvens. 2016 har elles vore eit særst arbeidsamt år innan miljøretta helsevern. Vi får stadig fleire henvendelsar frå publikum og verksemder – og det kan synast som at arbeidet vi gjer er blitt meir kjent. Men det er framleis eit stort problem med manglande/sein tilbakemelding frå kommunane på å utbetre avvik gjeve etter tilsyn.

Prioriterte arbeidsoppgåver / arbeid utført i 2016

Prioriterte arbeidsoppgåver/områder for 2016 vart bestemt på fellesmøte med kommunelegane/helseeiningane: Kommentar på utføring i tjukk skrift bak kvart punkt.

Dette vart bestemt:

- Pga stort etterslep med gjennomføring av tilsyn må det jobbast for å komme inn att i ei jamm fordeling av tilsyn i neste treårsperiode. **Har laga ny tilsynsplan.**
- Vi har til no ikkje prioritert tilsyn med asylmottak i Indre Sogn. Dette skal gjennomførast i 2016 og evt vidare i 2017. Det må lagast til eit godt opplegg for asylmottaktilsyn. Sende ut god informasjon om tilsynet på førehand, få ein oversikt over tal tilsynsobjekt i kvart mottak, forsøke å få til samarbeid om tilsyna med helsestasjon, UDI og Sogn brann og redning. **Gjennomført vinteren 2016/januar 2017 i samarbeid med Sogn brann og redning.**
- Frå 1 juli 2016 trer det i kraft svært strenge reglar for eigarar av solarium. Det er venta at Statens strålevern kjem med føringar for tilsyna og tilsynsmateriale. Sende ut info til solariumseigarar før sommaren og gjennomføre tilsyn til hausten. **Statens strålevern skal ha ein kampanje hausten 2017, etter enno ei forskriftsending i frå 1.1.2017, avventar tilsyn til kampanjen. Elles har alle solariumsverksemder blitt kontakta og dei har motteke informasjon om dei nye krava.**
- Forum for miljø og helse, Helsedirektoratet og Statens helsetilsyn samarbeidar i 16/17 for å få til ein nasjonal tilsynskampanje etter miljøretta helsevernregelverket i grunnskular. Alt av tilsynsmateriale og føringar for gjennomføringa av tilsyna blir tilsendt. Det vart bestemt at vi deltek på denne kampanjen. Kampanjen vil truleg få ein del oppslag i media nasjonalt, og kanskje også lokalt. Vil bli med på å synleggjere

miljøretta helsevernarbeidet. **Har gjennomført kampanjen på 10 skular i 2016, og gjennomfører 7 tilsyn etter kampanjen i januar og februar 2017.**

- Nye reglar for landets kjøletårn frå 1.1.2017. Då skal alle kjøletårn være vurdert av eit akkreditert inspeksjonsorgan. MHIS har allereie sendt ut info til verksemda det gjeld (Lerum Fabrikker AS). Dersom mogleg skal vi avtale å få bli med på dette tilsynet. **Vi fekk ikkje vore med på tilsynet, men har motteke rapport som synte tilfredstillande kontroll med anlegget.**
- Gunnar Engan kom med ein idè om å få til smilefestilsyn med skular og barnehagar, liknande Mattilsynet sine smilefestilsyn med restaurantnæringa. Dette skal vi prøve å få forankra hjå leiar og på rådmannsnivå. Ein slik form for tilsyn vil kunne få kommunane til å raskare rette opp avvik, utan bruk av tvangsmulkt. Ein kan også prøve å få ut informasjon i media om desse tilsyna og soleis også bli meir synlege. **Har ikkje fått arbeid med dette i 2016 på grunn av stor arbeidsmengde.**

1. Godkjenning av skular og barnehagar

Sygna vidaregåande skule fekk godkjenning etter "Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v." i 2016.

Det er 17 skular og barnehagar i Indre Sogn som enno ikkje er godkjent etter forskrifta, eller som treng ny godkjenning pga ombygging. Sjå oversikt i tabell under.

Kommune	Verksemd	Godkjenning
Aurland	Sogn Jord- og Hagebruksskule	Må søkja (søknad frå 2007 er utdatert)
Balestrand	Sagatun skule	Har søkt, men har manglar som gjer at godkjenning ikkje kan gis.
Luster	Gaupne nye barnehage	Har søkt, men har manglar
	Indre Hafslø barnehage	Har bygd på utan å søke.
Lærdal	Lærdalsøyri skule	Har ikkje søkt etter ombygging i 2006.
Sogndal	Trudvang Skule	Har søkt, men har manglar
	Kvåle skule	Må søkja på nytt pga nybygg
	Sogndal vidaregåande skule	Må søkja pga nybygg
	Fjærland oppvekstsenter	Barnehagen er godkjent, men ikkje skulen
	Kyrkjebakken barnehage	Har søkt, men har manglar
	Notsete barnehage	Har søkt, men har manglar
Vik	Flatbygdi skule	Har søkt, men har manglar
	Vangsnes skule	Har søkt, men har manglar
	Feios skule	Har søkt, men har manglar
	Fresvik skule	Har søkt, men har manglar
Årdal	Farnes barnehage	Har søkt, men har manglar som gjer at godkjenning ikkje kan gis.
	Tangen skule	Har ikkje dokumentasjon på at dei er godkjent og vi har ikkje motteke søknad om dette.

Tabell 2: Oversikt over alle skular og barnehagar i Indre Sogn som ikkje er godkjente.

2. Tilsynsplan 2016

2.1 Tilsyn med skular og barnehagar jf; ”Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v.”.

Miljøretta helsevern har utført tilsyn i form av systemrevisjonar ved 19 skular og barnehagar i 2016, dette er vist i tabell 3.

Kommune	Verksemd	Type tilsyn
Sogndal	Trudvang skule	Planlagt i 16, utsett til januar 2017 pga ynskje frå verksemda. Nasjonal tilsynskampanje.
	Norane oppvekstsenter.	Planlagt i 16, utsett til januar 2017 pga ynskje frå verksemda. Nasjonal tilsynskampanje.
	Notsete barnehage	Tema inneklima, reinhald og vedlikehald.
	Stedje barnehage	Tema inneklima, reinhald og vedlikehald.
	Kjørnes barnehage	Tema inneklima, reinhald og vedlikehald.
Balestrand	Sygna vgs	Nasjonal tilsynskampanje.
Årdal	Årdal vgs	Nasjonal tilsynskampanje.
	Uravegen barnehage	Tema inneklima, reinhald og vedlikehald.
	Ve barnehage	Tema inneklima, reinhald og vedlikehald.
Leikanger	Henjahaugane barnehage	Planlagt i 16, utsett til januar 2017 pga ynskje frå verksemda. Tema inneklima, reinhald og vedlikehald.
Luster	Indre Hafslo oppvekstsenter	Nasjonal tilsynskampanje.
	Luster ungdomsskule	Nasjonal tilsynskampanje.
	Luster oppvekstsenter	Nasjonal tilsynskampanje.
	Skjolden oppvekstsenter	Nasjonal tilsynskampanje.
Lærdal	Borgund oppvekstsenter	Nasjonal tilsynskampanje.
Vik	Flatbygdi skule	Nasjonal tilsynskampanje.
	Feios oppvekstsenter	Nasjonal tilsynskampanje.
Aurland	Flåm barnehage	Nasjonal tilsynskampanje.
	Vangen barnehage	Nasjonal tilsynskampanje.

Tabell 3: Skular og barnehagar i Indre Sogn der det er gjennomført systemrevisjon etter ”Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v.” i 2016.

2.2 Tilsyn med frisørar

Miljøretta helsevern har ført tilsyn med 4 frisørar etter ”Forskrift om hygienekrav til frisør-, hudpleie-, tatoverings- og hulltakingsvirksomhet m.v” av 6. mai 1998 .

Kommune	Verksemd
Sogndal	Stil frisør og velvære

	Frisør Soksi
Årdal	Frisør Nina Ohnstad
	Studio S

Tabell 4: Oversikt over frisører i Indre Sogn som det er ført tilsyn med i 2016.

2.3 Basseng

Miljøretta helsevern for Indre Sogn har ikkje vore på tilsyn med symjebasseng etter ”Forskrift for badeanlegg, bassengbad og badstu m.v.” i 2016.

2.4 Solarium

Miljøretta helsevern for Indre Sogn har vore på 5 tilsyn med solarieverksemder etter Strålevernforskrifta. Sjå tabell 6 for oversikt over solariumstilsyn 2016.

Kommune	Verksemd
Årdal	Brun og blid
	Årdal bu og omsorgssenter
	Årdal sjukeheim
	Årdal gym
Lærdal	Aya`s solarium

Tabell 6: Oversikt over solarietilsyn 2016.

2.5 Tilsyn med tatoveringsverksemd.

Utsett på grunn av ny tilsynsfrekvens. Før årleg, vi må vurdere 3-årig. Der ikkje behovet for å reise innom det eine studioet vi har i Indre Sogn, då dei år etter år viser gode rutiner og gode lokalar.

2.6 Campingplassar

Ingen tilsyn på campingplassar

2.7 Kjøletårn

Tilsyn gjennomført av akkreditert selskap, ser ikkje behovet for å reise på dobbelttilsyn.

2.8 Hudpleie

Har sendt ut info om kva regelverk dei må forhalde sefg til, til ei rekkje hudpleiarverksemder. Ikkje sett behov for å reise på tilsyn med verksemdene.

2.9 Asylmottak

Førebudd tilsyn med alle bustadane til asylmottaket i Sogndal. Jobba også ein del med førebuing til tilsyn med asylmottak i Årdal, men so vart det mottaket nedlagt sommaren 2016. Tilsyn med asylmottak i Sogndal vart gjennomført i januar 2017.

3. Anna tilsynsarbeid/uttalar

- Har gjeve rettleiing til ei rekkje barnehagar og skular som har teke kontakt med ulike utfordringar
- behandla støysaker (jernbane, dyr, anleggsarbeid)
- mykje arbeid med behandling av gamle saker/oppfølging gamle saker
- tilsyn på treningssenter etter klage på hygien
- behandla saker om brannøving i tettbygd strøk

- behandla forureiningssaker (avfall, kreosot, lukt)
- gjeve planuttale til fleire skular som bygger om/bygger på
- behandla/gjeve info til klager/kontakt innan dårlege buforhold/leigeforhold, mus/rotter, inneklima/muggsopp, radon etc.
- Vasskade/lekkasje offentlege bygg
- Spørsmål frå badeanlegg om høge kimtalsprøver
- Asbestsak

4. Kurs/konferansar/hospitering

- Miljøhygienikar tok eit fag på Høgskulen i Telemark – HMS, internkontroll, risiko- og sårbarhetsanalyser. Ein del av dette faget var eit revisjonsmetodikkurs.
- Var på hospitering ved Folkehelseavdelinga i Florø og fekk informasjon om korleis dei arbeider. Var også med dei på eit tilsyn i ein barnehage og ein skule, samt med på ein fagdag dei arrangerte i ein av medlemskommunane.
- Har blitt deltakar i eit miljøretta helsevern-nettverk mellom kommunane Askøy, Lindås, Odda og Indre Sogn. Svært nyttig nettverk der vi kan utveksle erfaringar, måtar å utføre tilsyn på etc.
- Var på Miljøretta helsevernkonferanse i Stavanger. Alltid like nyttig både faglig og for å knytte kontakter.

5. Prioriterte oppgåver neste år:

På fellesmøte i 2017 må det avtalast eit eventuelt satsingsområde for 2017, eg har følgjande forslag:

- Tilsyn med alle basseng, då det er lenge sidan vi har gjennomført bassengtilsyn og vi skal etter vår tilsynsplan innom kvart 2 år.
- Være med på kampanje med solariumstilsyn etter nytt regelverk.
- På fellesmøte i 2017 kjem Øvretun med forslag til nye frekvensar for tilsyn med dei ulike tilsynsobjekta, basert på tilsynsrettleiar for miljøretta helseveien som vart utgjeve i mai 2016.
- Jobbe for å tilsetje ekstra person i 50 % stilling. Stor arbeidsmengde, og det vil frigjere helsesystemene som totalt brukar ein del tid på å være med på tilsyn. Miljøretta helsevernarbeidet ville hatt god nytte av å ha eit større fagmiljø. Det er eit krevjande felt og heile åtte kommunar deltek i samarbeidet. Til samanlikning har Folkehelseavdelinga i Florø 4,5 årsverk fordelt på 6 personar og dei arbeider i 13 kommunar. Vi har eit årsverk, ein tilsett og 8 kommunar.
- Møte med råmannsgruppa for å få meir fokus på miljøretta helsevernarbeidet.

6. Økonomi:

Total kostnad for miljøretta helsevernstillinga var i 2016 kroner: 636 017. Fordeling mellom kommunane er 30 % etter folketal og 70 % etter tal tilsynsobjekt. Tal for 2016 finn de i tabellen under.

	30 %	70 %	
SUM	Folketal	Verksemder	SUM Å BETALE:
Aurland	kr 11 807	kr 61 645	kr 73 451
Balestrand	kr 8 661	kr 37 360	kr 46 021
Leikanger	kr 15 381	kr 29 266	kr 44 646

Luster	kr 34 088	kr 106 477	kr 140 565
Lærdal	kr 14 537	kr 37 983	kr 52 520
Sogndal	kr 52 467	kr 84 684	kr 137 150
Vik	kr 17 998	kr 37 983	kr 55 981
Årdal	kr 35 868	kr 49 814	kr 85 682
	kr 190 805	kr 445 212	kr 636 017

Med helsing

Elin Åsnes Øvretun
miljøhygienikar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Vedlegg:

Kopi til: